



STATENS UTDANNINGSKONTOR I ROGALAND

TILBAKEMELDING FRÅ KOMMUNEBESØK I UTSIRA KOMMUNE 6. JUNI 2001

INNLEIING

Statens utdanningskontor var på kommunebesøk i Utsira kommune 6. juni 2001. Utdanningskontoret sitt føremål med slike besøk er å fremje dialog og kontakt og å få konkret kunnskap om situasjonen i kommunen. Med utgangspunkt i ny opplæringslov og arbeidet med innføringa av L97, vart det fokusert på kvalitetsutvikling og kvalitetsvurdering og på utviklingstiltak knytte til ungdomssteget. Utsira kommune planla detaljane i programmet saman med utdanningskontoret og sende inn utfyllande dokument før besøket. Utdanningskontoret er nøgd med førearbeidet.

Kommunebesøket starta på Utsira barne- og ungdomsskole der vi møtte leiar i ”Dagliglivutvalget”, skolesjef, rektor, bibliotekar og heile personalet. Vi besøkte også alle klassane med unnatak av 10. klasse. Elevane der hadde lesedag før munnleg avgangsprøve. Etter ein velsmakande middag på Dalanaustet hadde vi møte med kommuneleiinga.

Ved kommunebesøket i Utsira deltok følgjande frå kommunen: Ordførar Reidar Klovning, leiar i ”Dagliglivutvalget” Lodvar Mathiassen, rådmann og skolesjef Robin Kirkhus, rektor Jostein Nilsen, medlem i FAU Anny Austrheim og hovudtillitsvald NL Tormod Kvalvik.

Ved besøket på Utsira barne- og ungdomsskole møtte vi også elevrepresentantane Katrine Klovning, nestleiar i elevrådet, og Martin Thomassen, medlem i elevrådet.

Frå utdanningskontoret deltok assisterande direktør Sølvi Ona Gjul og rådgivar Audun Gjerde.

Rapporten er skriven med utgangspunkt i kommunebesøket, innsende dokument og annan kontakt mellom utdanningskontoret og Utsira kommune.

KVALITETSUTVIKLING OG KVALITETSVURDERING

Utviklingsarbeid

Det er utarbeidd eigen plan for utviklingsarbeidet – ”Strategisk utviklingsplan for Utsira skole 2000 – 2003”. Planen er godkjend i ”Dagliglivutvalget” og skal rullerast annakvart år. I tillegg har skolen handlingsplan for kvart skoleår. Etter utdanningsdirektøren si vurdering er dei fleste tiltaka i planane relevante i høve til nasjonale føringar, men dei nasjonalt prioriterte områda er ikkje så godt synleggjorde. Handlingsplanen gir eit kortfatta oversyn over tiltak, arbeidsmåtar, målgruppe og ansvarlege. Planen burde nok omtale tiltaka noko meir konkret – det er t.d. ikkje råd å vite kva som ligg i tiltaka ”Entreprenørskap” eller ”Utarbeide tiltak for

forebygging av mobbing”. Ingen av tiltaka er særskilt retta mot ungdomssteget - dei fleste omfattar alle elevane ved skolen.

Det er inntrykket vårt at hovudsatsinga i kvalitetsutviklinga er knytt til IKT som pedagogisk reiskap og tiltak for å realisere intensjonane i L97 når det gjeld endringar i elev- og lærarrolla. IKT-tiltaka er etter det vi kunne sjå, prega av heilskapleg tenking og målretta arbeid. Skolen er godt utstyrt med maskinvare, og det er utarbeidd ein eigen IKT-plan. Kommunen satsar no på kompetanseoppbygging. På besøk i klassane fekk vi sjå elevane i aktivt arbeid med IKT. På mellomsteget viste elevane fram både skolens og egne heimesider, og på ungdomssteget møtte vi elevar i arbeid med matematikk. Elevane gav uttrykk for at IKT er eit godt hjelpemiddel i dagleg skolearbeid, og dei understreka at dei sjølve vel om og når dei vil nytte dette hjelpemidlet. Rådmann/skolesjef tok elles opp problem knytt til programvare, kostnader og kompatibilitet og meinte at utdanningskontoret burde medverke til at det offentlege tek i bruk den programvarepakken dei har valt å nytte i samarbeid med m.a. Tysvær kommune (Star Office). Utdanningsdirektøren tek ønskemålet til orientering, men det er neppe mykje vi kan gjere her anna enn å nemne dette for departementet. Elles er Utsira kommune velkomen til å ta emnet opp i t.d. eit møte med skolefagleg ansvarlege.

Med tanke på å leggje til rette for ei endring av elev- og lærarrolla er det lagt vekt på å få mediateket – hjartet i skolen, i følgje rektor – til å fungere optimalt. Bibliotekaren har ansvaret både for folkebiblioteket og skolebiblioteket, og dette gir god utteljing for skolen. Bibliotekaren arbeider i 20 % stilling ved skolen. Det har vidare vore prioritert å ta i bruk temaorganisering og prosjektarbeid. Skolen har m.a. prøvd å temaorganisere opplæringa for alle elevane og arbeide med prosjekt i periodar på inntil seks veker gjennom eit skoleår. No har dei valt å arbeide innanfor kvart steg og med fleksible rammer og omfang både når det gjeld breidde og tidsbruk. Tema- og prosjektarbeid står framleis som eitt av tiltaka i handlingsplanen. Skolen lagar årsplanar/halvårsplanar med utgangspunkt i fagplanane i L97 etter mønster frå ein perm frå utdanningskontoret i Finnmark. Det kom fram i samtalen med lærarkollegiet at ein ikkje var merksam på det handlingsrommet som ligg i § 1-1 i Forskrift til opplæringslova når det gjeld å erstatte, velje bort eller ”vekta” hovudmoment av pedagogiske omsyn. Elevane arbeider etter arbeidsprogram, og dei gav uttrykk for at dei opplevde det som ”kjekt” i samtale med oss. Det er lærarane som lagar arbeidsprogramma.

Skolen har valt ei meir tradisjonell organisering av skoledagen etter eitt år med lengre arbeidsøkte (60/90 min) og midttime. Elevane ønskte å få att ein meir tradisjonell ”timeplan”. Skolen brukar ikkje ringeklokke, og det er høg grad av fleksibilitet for kvar klasse. Det blir arbeidd med å finne gode løysingar på praktiske utfordringar knytte til fleksibilitet, t.d. behovet for forsvarleg tilsyn i pausar.

Etter utdanningsdirektøren si vurdering har Utsira skole kome godt i gang med arbeidet for å utvikle elev- og lærarrolla i tråd med intensjonane i L97. Det bør likevel prioriterast å leggje betre til rette for reell elevmedverknad, også i formelle samanhengar, t.d. i samband med planarbeid og utviklingstiltak. Rektor er kontaktlærer for elevrådet, og kontakten mellom leiinga og elevrådet blir såleis godt ivareteken i praksis, sjølv om dette ikkje er formalisert. Det er likevel styrking av elevmedverknaden knytt til det daglege arbeidet i klasserommet som er hovudutfordringa.

Skolen har entreprenørskap som eit satsingsområde, men sidan elevtalet er så lågt, er det ikkje grunnlag for å ha dette som emne for skolens og elevens val kvart år.

Skolen deltar i Nord 2-samarbeidet når det gjeld kvalitetsutviklingstiltak og kompetanseutvikling. Inneverande år deltar skolen i LUIS-kurs, Samtak og skolering når det gjeld skolemekling. Rektor nemnde elles at skolen er nøgd med kommunale rammer for kompetanseutvikling i samband med grunnskolereforma. Kommunen har nytta seg av etterutdanningstilboda frå Høgskolen Stord/Haugesund i samarbeid med Nord 2 i fleire fag, og lærarar har også deltatt på fleire opne kurs som kommunane Karmøy og Haugesund arrangerte i samband med R97. Skolen opplever å ha godt kompetent personale i alle fag.

Skolevurdering

Skolen har evaluert arbeidet med utvalde tiltak i handlingsplanen, t.d. emna ”Leik” og ”tema- og prosjektarbeid”, men det er ikkje utarbeidd rutinar for systematisk skolevurdering. Kommunen er med i Nord 2-samarbeidet, og vil gjennomføre skolevurdering med ekstern rettleiar i løpet av 2001.

Utdanningsdirektøren vil rå til at kommunen prioriterer arbeidet med å få på plass rutinar for skolevurdering, slik at intensjonane i Forskrift til opplæringslova § 2-1 blir ivaretekne.

Det kom elles fram ved besøket at foreldra jamt over er godt nøgde med skolen. Foreldrerepresentant Anny Austrheim peika m.a. på at det er god kontakt mellom skolen og foreldra, og at skolen blir opplevd som open. Hovudintrykket er at skolen er komen godt i gang med å gjennomføre intensjonane i L97, og foreldra er stolte av innsatsen når det gjeld kulturelle aktivitetar, arbeidet med IKT og skolebiblioteket. Ho nemnde også at det er ønskjeleg med nytt skolebygg, og at foreldra ønskjer at 1. klasse skal få vere meir for seg sjølve for å ivareta deira behov spesielt. Elles var ho kritisk til den reduksjonen i timetalet for småskolesteget kommunen har vedteke (frå 23 t/v til 20 t/veke), sjølv om det er i samsvar med L97. Ho meinte kostnadene for kommunen ville vere om lag dei same ved å behalde timetalet som ved å tilby skolefritidsordning.

Det er inntrykket vårt at elevrepresentantane også var godt nøgde med skolen, sjølv om dei ikkje brukte mykje taletid.

Organisering av arbeidet på det spesialpedagogiske området

Utsira har avtale med Haugesund kommune om PP-teneste, og kommunen er etter det vi skjønar, godt nøgde med det arbeidet Haugesund PPT har gjort. Det er likevel ønskjeleg med noko fleire besøk enn dei to for året ein har hatt til no, og skolen ønskjer også meir systemretta hjelp frå PPT. Utdanningsdirektøren rår til at dette blir teke opp direkte med Haugesund PPT.

Enkeltvedtak om spesialundervisning blir fatta av ”Dagliglivutvalget”, og til no har alle tilrådingar om spesialundervisning blitt imøtekomne fullt ut. Utdanningskontoret har ikkje fått klagesaker frå Utsira, og dette må kunne tolkast som eit teikn på at elevar og føresette er nøgde med spesialundervisninga. Neste skoleår vil det bli satsa på stor grad av timeplanteleg parallellegging av opplæringa for 1.-4. klasse, og skolen meiner dette vil gi betre vilkår for å kunne gi tilpassa opplæring til alle elevane i småskolen.

Utdanningsdirektøren merkte seg at hovudtillitsvald var lite tilfreds med at timerammene for skolen ikkje var klare før i mai. Dette førte til at mange av dei tilsette ikkje fekk vite tilsetjingsprosenten sin for neste skoleår før på dette tidspunktet. Etter utdanningsdirektøren sitt syn burde det i ein oversiktleg kommune som Utsira vere råd å få timerammene klare på eit mykje tidlegare tidspunkt og slik unngå uheldige utslag som i verste fall kan føre til at kompetent personale flyttar.

Kommunen hadde på førehand bede om å få drøfte ei sak knytt til krav om erstatning frå enkeltpersonar som meiner at dei har fått mangelfull grunnskoleopplæring. I samband med denne saka har det visstnok kome fram at ein relativt høg del av innbyggjarane/tidlegare innbyggjarar i Utsira er medlemmer i "Taperforeningen". Utdanningsdirektøren vil rå kommunen til å vurdere på breitt grunnlag kva som ev. kan vere årsaker til at relativt mange kjenner seg som taparar. I den grad dette har samanheng med mangelfull grunnskoleopplæring, bør det vurderast om det er råd å gi tilbod om slik opplæring no. Vi minner om at alle vaksne har rett til grunnskoleopplæring frå 01.08.02.

Musikk- og kulturskoletilbodet

Utsira musikkskole gir eit breitt tilbod i musikk, med m.a. opplæring på piano, gitar og trommer. I tillegg blir det satsa på kor og korps. Svært mange av elevane i grunnskolen er også elevar i musikkskolen (50-60 %). I tillegg er musikkskolen også open for eldre elevar. Kommunen held fram at det å ha eigen musikkskolerektor har vore avgjerande for den gode deltakinga.

Utsira kommune gir eit tilbod med god breidde når vi tek omsyn til folketalet. Utdanningsdirektøren er imponert over det høge elevtalet i musikkskolen. Kommunen har likevel ei utfordring med tanke på å utvide tilbodet til også å gjelde andre kulturaktivitetar i tråd med intensjonane i opplæringslova.

Skolefritidsordning

Utsira har no tilbod om skolefritidsordning 6-14 t/veke, og skoleåret 2000/2001 var det i alt 14 barn som brukte ordninga. Betalingssatsane er låge i Rogalandsmålestokk. Foreldrerepresentanten meinte at tilbodet ikkje er breitt nok til å kunne vere eit reelt tilbod til alle som har behov. Ho heldt fram at det opplegget kommunen hadde hatt tidlegare med utvida timetal på småskolesteget var ei betre ordning, og at kostnadene for kommunen ville vere om lag dei same med denne ordninga som med SFO. For foreldra inneber såleis innføring av SFO at dei no må betale for ei ordning dei før fekk gratis.

ØKONOMI OG FORVALTNING

Skoleanlegg

Utsira skole er eit relativt gammalt bygg i tre etasjar med ei romløyising som i varierende grad er tenleg med tanke på å gi opplæring i tråd med intensjonane i L97. Små rom gir store utfordringar med aukande elevtal og mykje utstyr. Kommunen har godkjent skolen etter Forskrift for miljøretta helsevern. I "Handlingsplan for Utsira kommune 2000-2003" er det nemnt at nybygg bør vurderast, og foreldrerepresentanten gav uttrykk for at det er stort behov for ny skole. Utdanningsdirektøren har forståing for at ein så liten kommune som Utsira lyt prioritere strengt når det gjeld investeringar. Utsira skole er eit etter måten gammalt bygg, men det er lagt rimeleg til rette for å utnytte bygget så godt som råd med tanke på å gi opplæring etter intensjonane i L97. Inntrykket vårt er likevel at det er trangt og gir heller lite rom for fleksibilitet. Etter vårt skjønn bør kommunen prioritere investering i eit tenleg skolebygg, anten ved om- eller nybygging, særleg dersom elevtalet held seg like høgt eller aukar.

Driftsrammer

Etter fylkesmannen i Rogaland si vurdering kjem Utsira godt ut i analysen av den økonomiske stoda for kommunane i Rogaland. Både forsiktig budsjettering, nøye prioritering og høge

overføringer frå staten er medverkande årsaker. Kommunen er ein av ni i Rogaland som i heile perioden 1996 – 1999 hadde netto driftsresultat (målt i prosent av driftsinntektene) over landsgjennomsnittet. I same perioden hadde kommunen også netto inntekter av renter og avdrag, noko ein sjeldan ser på landsbasis. Kommunen opplever likevel som dei fleste kommunar at dei økonomiske rammene er tronge. Skolen må ta sin del av innstrammingane, og etter kommunen si vurdering er det i timeressursane det må kuttast. Heile 86 % av driftsbudsjettet for grunnskolen er bunde til lønn, så det er lite rom for reduksjonar i andre delar av driftsbudsjettet. I samtale med personalet vart det poengtert at skolen likevel ikkje opplever at rammene er for tronge. Det vart også understreka at føresette ikkje betalar eigendelar for aktivitetar i skoleregi.

Om vi samanliknar dei tre minste kommunane i fylket (Bokn, Kvitsøy og Utsira) når det gjeld ressursinnsats i skolen, ligg Utsira høgast når det gjeld driftsutgifter pr. elev. Dette er ikkje uventa sidan Utsira har det klart lågaste elevtalet pr. klasse av dei tre kommunane. Samla timeramme uttrykt i prosent av minstetimetallet varierer til dels svært mykje for desse tre kommunane, og det er rammene for spesialundervisning som er mest ulike. Dette har sjølvstøtt si forklaring i at enkeltelevar med særskilde behov slår sterkt ut i prosenttal i så små kommunar som det her er snakk om. Det blir såleis lite tenleg å samanlikne kommunane på dette området. Då er det meir interessant å sjå på utviklinga over tid i same kommunen. Etter fleire år med tredelt skole, har Utsira skole vore firedelt frå og med skoleåret 98/99. Gjennomsnittleg klassestorleik har vore rimeleg stabil, men dei siste fire åra har talet på årsverk pr. klasse vorte noko redusert – frå 1,9 til 1,6 inneverande skoleår. Endringa ser ut til å kome i samband med firedelinga. Skolen sin del av netto driftsutgifter i kommunen har og ein minkande tendens - etter å ha vore om lag 30 % i fleire år, går talet ned til 27,28 % i 1999 og 28,59 % i 2000.

Utsira har sidan seksåringane tok til i skolen i 1997 hatt eit høgare veketimetall for småskolesteget (23 t/v) enn det lova set som minstekrav (20 t/v). I fjor vart timetallet redusert til 20 t/v av økonomiske årsaker. Foreldrerepresentanten var kritisk til denne reduksjonen i samband med SFO, sjå ovanfor. Utdanningsdirektøren har ikkje grunnlag for å sette spørsmålsteikn ved det rammetimetallet Utsira løyver pengar til. Utsegner både frå personalet og frå foreldrerepresentanten (utanom det som gjeld småskolesteget/SFO) tyder på at timerammene opplevest som tilfredsstillande. Vi har også merkt oss at Utsira løyver det som er tilrådd frå sakkunnig instans når det gjeld spesialundervisning. Kommunen bør likevel vere merksam på tendensen til redusert innsats uttrykt i årsverk pr. klasse og vurdere om dette heng saman med konkrete endringar i timeressursbehovet, eller om det har si forklaring i trongare økonomi.

Frå kommunen si side vart det vist til at dei med ein fådelte skole må betale lærarane vesentleg høgare lønn enn andre kommunar på grunn av ordninga med seks års antesipert tenesteansiennitet, og at dette pressar driftsrammene. Utdanningsdirektøren vil peike på at noverande ordning, som vart innført etter eit vedtak i Stortinget i 1992, gir rom for å gi lærarar ved nokre fådelte skolar seks års antesipert tenesteansiennitet for å sikre utsette skolar rekruttering av kompetent personale. Avgjerd om kva skolar ordninga skal omfatte, blir teken av Statens utdanningskontor etter søknad frå kommunen, sjå rundskriv F-49-92. Vi kan ikkje sjå at Utsira kommune har søkt om å bli omfatta av denne ordninga, men det går fram av sakspapir frå 1993 som utdanningskontoret har, at Utsira kommune har rekna seg som omfatta av ordninga. Det kan også sjå ut til at utdanningskontoret indirekte har gitt kommunen aksept for dette. Vi understrekar likevel at ordninga er friviljug, og at det er opp til kommunen sjølv om ordninga skal halde fram. Gjeldande hovudtariffavtale gir elles rom for fleksibel avlønning som eit alternativ.

UTVIKLINGSOMRÅDE FOR KOMMUNEN

Det bør prioriterast å leggje til rette for større elevmedverknad i opplæringa, både når det gjeld formelle sider ved samarbeidet med elevane og når det gjeld det daglege arbeidet i skolen.

Kommunen bør utarbeide rutinar for skolevurdering slik at intensjonane i Forskrift til opplæringslova § 2-1 blir ivaretekne.

Vi viser til det som er nemnt ovanfor når det gjeld å satse på eit tenleg skolebygg.

Kommunen bør vurdere om det er råd å utvide tilbudet i musikkskolen til også å omfatte andre aktivitetar enn musikk.

Kommunen manglar framleis eigen plan for vaksenopplæring. Utdanningsdirektøren minner om at kommunane er lovpålagde å ha ein plan for vaksenopplæring, anten som eigen plan eller som del av anna planverk. Etter vår vurdering kan slike planar utviklast i samarbeid med næringsliv, fagforeiningar, lag og organisasjonar med tanke på å setje langsiktige mål for vaksenopplæringa som både tek omsyn til næringsutvikling og arbeidslivet sine behov og til ønskje og behov hos den enkelte vaksne. Slik kan det handlingsrommet som kompetansereforma gir, utnyttast til beste både for dei vaksne som treng etter- eller vidareutdanning, for kommunen og for næringslivet. Vi vil tru at Utsira er ein kommune som i særleg grad kunne ha nytte av ein vaksenopplæringsplan.

AVSLUTTANDE MERKNADER

Utdanningskontoret fekk godt innsyn i utviklinga i skolesektoren gjennom kontaktbesøket. Opplegget og gjennomføringa av besøket gav nyttig og god informasjon. Statens utdanningskontor takkar Utsira kommune og Utsira skole for eit verdfullt og innhaldsfyllt kontaktmøte. Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med utviklinga av skolen.

Stavanger 25.07.01

Sigmund Sunnanå
utdanningsdirektør

Sølvi Ona Gjøl